

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET

Onsdag 7.februar 2024 kl 1400 – kl 1700

Stad: VØR sine lokale på Melsgjerdet

Desse møtte:

- Faste medlemmer: Sølvi Dimmen, Sverre Leivdal, Solfrid Teigen, Peter H Bjørneset, Per Are Sørheim, Inger S Sandvik, Cato Engen, Per Olav Sandbakk
- På vegne av styret møtte leiar Hallvard Bjørneset.
- Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot møtte og førte møteboka. I tillegg møtte kommunikasjonsleiar Anne Mette Farstad og driftsleiar Bjarne Solbakken frå administrasjonen.
- Avtroppande representantskapsleiar Jan Henning Egset leia møtet.

Før sjølve møtet starta, vart det gjennomført ei omvising på VØR sitt anlegg på Melsgjerdet.

Rep.sak nr 01-24 Godkjenning av innkalling

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Per Olav Sandbakk og Sølvi Dimmen vart valt til å skrive under møteboka saman med leiar. Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste, som omfatta sakene 01-24 til og med 04-24.

Rep.sak nr 02-24 Orientering og opplæring

Dagleg leiar orienterte supplert av styreleiar og avtroppande rep.skapsleiar. Tema for orienteringa:

- Regelverk og føringar
 - IKS-lova, Avfallsforskrifta mv
- VØR si rolle, oppdrag og vedtekter
- Representantskapet si rolle og oppdrag
- Stoda til VØLR og vegen vidare

Vedtak 8 røysteføre:

- Representantskapet tek orienteringa til vitende.

Rep.sak nr 03-24 Konstituering og plan for vidare arbeid

- Val av leiar og nestleiar
 - Leiar: Inger Sundnes Sandvik
 - Nestleiar: Sverre Leivdal
- Val av klagenemnd for renovasjonssaker
 - Solfrid Teigen
 - Cato Engen
 - Peter H Bjørneset
- Val av valnemnd
 - Leiar og nestleiar

Alle vart samrøystes valde for perioden 2024-28.

Innspel til arbeidsplan for rep.skapet 2024

- Årshjulet leggst til grunn
- Ynskjeleg med eit eigarmøte per år
- Det nye representantskapet drøftar saka på neste møte.

Rep.sak nr 04-23 Referatsaker

- Engasjementsbrev frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS (*vedlagt*)

Vedtak 8 røysteføre:

Representantskapet tek referatsaka til vitende.

Per Olav Sandbakk



Sølvi Dimmen



Inger Sundnes Sandvik

Leiar



Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

